

Kulturminnefondet ønskjer søknadar

Kulturminnefondet held kontoret stengt for besøkande om dagen, men dei sit klare til å ta imot søknadar, og dei har god kapasitet.

Private eigarar av verneverdige kulturminner og frivillige lag og organisasjonar, kan søke

Kulturminnefondet om støtte til tiltak på kulturminne, som til dømes:

hus og bygningar, båtår og fartøy, hageanlegg, kulturlandskap

– Kulturminnefondet er eit lågterskeltilbod, og det er enkelt å koma i kontakt med oss, fortel direktør Simen Bjørgen.

– Ta ein telefon, send spørsmåla dine på ein e-post eller send inn søknaden din i dag via vårt elektroniske søknadssenter.



Kulturminnefondet, Bergmannsgata 17, 7374 Røros

Sentralbord: 73 10 36 00

post@kulturminnefondet.no

www.kulturminnefondet.no/soknad



KVA SKJER I BYGLAND?

– APRIL 2020

Alle arrangement er
diverre avlyst grunna
koronautbruddet

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 8:

Bilete: Framside: Helene Wieden, Innhald: Marit S. Kvaale, pixabay.com, Susanne Hegenscheidt, Anne Fauske; Kva skjer: Tor Ånon Kleivane. Tusen takk til alle fotografar!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt

Korrektur: Mari Rygg

Neste utgåve Byglandsnytt: 04. mai 2020

Redaksjonen ønskjer alle god påske!



Byglandsnytt nr.8 - april 2020

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 4. mai - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 2!

Bygland kommune si heimeside er: www.bygland.kommune.no

Påskehelsing frå ordførar

Kjære Byglendingar

Påska 2020 kjem for oss til å verta annleis enn me til vanleg feirer denne høgtida.

Koronaviruset har medført strenge restriksjonar på korleis me lever i kvardagen med stengte skular, barnehagar, kulturtilbod m.v, med heimekontor, begrensingar i tal personar og avstand mellom dei i forsamlingar og selskap, samt strenge rutinar for hånndhygiene.

Alt dette er tiltak som er naudsynt for å hindre spredning av virus. Eg er imponert over korleis byglendingane tek del i denne nasjonale dugnaden. Eg er sikker på at alle vil fortsette med det, slik at denne unntakstilstanden vert så kort som mogleg.

Men tross denne vanskelege situasjonen, er me heldige som bur i Bygland. Me har god plass, treng ikkje stå i kø, kan greitt halde avstand mellom oss, og har ein allsidig natur som gjev moglegheiter for ulike friluftaktivitetar/turer.

Me kan ta ein padletur på fjorden, gå tur i skauen eller ta ski og akebrett med på tur i flott terreng med oppkøyrt løyper. Alt innafor ein radius på nokre få kilometer. Aldri har vel det gamle slagordet «Bygland – Fjellbygda ved fjorden» vore meir dekkande for dei moglegheiter me har. Utstyr til ulike aktivitetar kan me låne på utstyrssentralen. Dette er moglegheiter me bør nytte oss av, og som kan vere positive innslag i ein ny kvardag.

Så la oss glede oss over alle dei moglegheiter me har i Bygland, og la oss fortsatt kjempe vidare for å hindre virusspredning, så kan påska tross alt verta ei god oppleving, sjøl om den vert litt annleis enn det me er vane med.

Ta vare på kvarandre og

GOD PÅSKE TIL DYKK ALLE!



Sighjörn Aje Fauske



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn

Formannskapet: 01.04. kl 13.00 – Plan, miljø og ressursutvalet: 01.04. kl 09.00
Fjernmøte via Teams. Ver klar over at møteplanen kan bli endra.

Opningstider Bygland kommunehus

Grunna smitteavgrensande tiltak er kommunehuset stengt for publikum utan avtale for tida.

Publikumsmottaket: Kommunetelefonen (tlf. 37 93 47 00) er open måndag til fredag kl. 10:00 – 14:00 (OBS! Utenom påskeveka/veka 15, da han er stengt)

NAV: Rettleiingssentret i Bygland er foreløpig stengt til 15.04. 2020. Vi beklagar ulempene dette medfører. NAV tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08:00-15:00

Legekantor: sjå eigen artikkel under Helse og omsorg

Høyringer og offentleg ettersyn (med frist for høyringsuttale)

Det er fleire planar og prosjekt lagt ut for høyring og offentleg ettersyn på både kommunehuset og på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no; ver merksam på frist for høyringsuttale:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2032
 - o frist: **15.04.2020**; merk høyringsuttalar med sak nr. 18/5089 og send dei til post@bygland.kommune.no; Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland
- Oppstart av klagesak 2020/6 opprinneleg namnesak 2018/447 – Skomedal / Skåmedal
 - o frist: **06.05.2020**; merk høyringsuttalar med sak nr. 2017/247 og send dei til post@bygland.kommune.no; Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland
- Mulighetsstudie for Otra elvepark
 - o Ny frist: **20.06.2020**; send e-post til: post@midt-agderfriluft.no

Drift og Forvaltning

Trafikktryggleik i Bygland

Bygland kommune har motteke fleire klager frå innbyggjarar om at trafikkskilt ikkje blir respektert enkelte stader, m.a. i Prestlidi. Det skjer køyring på gang - og sykkelveggar både med bilar, ATV-ar og andre køyretøy. Det blir også tid om anna parkert på plassar det er skilta parkering forbode.



Bygland kommune ber om at trafikkskiltinga blir respektert og minner om at det er særleg omsynet til dei mjuke trafikantane inklusiv borna sin tryggleik som gjer forbodsskilt nødvendig på utvalde stader.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

- Vi let berre 3 kunder levere avfall samtidig – kan føre til kø – vent i bilene
- Sorter avfallet i forskjellige fraksjoner heime – raskere å levere – mindre kø
- Restavfall i sekk skal leverast i gjennomslittige sekker

Opningstider:

- Nesmoen Gjenvinningsstasjon 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00
- Syrtveit Avfallsanlegg tysdagar kl. 08.00 – 14.30, torsdagar kl. 08.00 - 19.00

Alle våre gjenvinningsstasjoner vil inntil vidare være stengt på lørdager."

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Forskjellig

Støtte til oppgradering av bygningskroppen

Du kan få inntil 150 000 kroner i støtte når du oppgraderer bygningskroppen på huset ditt



Støtte til oppgradering av bygningskroppen er for deg som tenker heilskapleg når du pussar opp, og inkluderer omfattande energiltak i oppgraderinga. Tiltaket inneber ei forbetring av varmeisolasjonen i ytterveggar, tak, vindauger, ytterdører og grunnmur. Ei slik oppgradering vil redusere varmetapet monaleg, og dermed bidra til lågare energibruk og reduserte kostnader. Med på kjøpet får du eit lunare inneklima og auka bukomfort.

Oppgradering av bygningskroppen eignar seg godt for deg som:

- Skal i gong med ei større endring av bustaden
- Skal gjere noko med til dømes tak, kledning eller vindauger
- Har høve til å betre energistandarden på bustaden
- Har ein bustad frå 80- tallet eller eldre
- Ønskjer å oppgradere bustaden til dagens byggestandard eller høgare
- Ønskjer eit godt inneklima og lågare energiutgifter
- Ønskjer ein moderne og funksjonell bustad som krev mindre vedlikehald

Du kan og få støtte til oppgradering av bygningskroppen i din fritidsbustad.

Meir informasjon: <https://www.enova.no/privat/alle-energitiltak/oppgradere-huset/>

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

I **Frivilligsentralen** er det plass til alle, anten som besøkjande eller som frivillig. Har du ein idé, er du velkomen til å kontakte dagleg leiar!

KONTAKT: Anne Fauske/Bygland frivilligsentral

tlf.: 945 10 770 - Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no

Tilbod (til vanleg)

- | | | |
|-------------------------------------|---------------------------|-----------------------------|
| • Handletur til Evje | • Gåtur/Bygland | • Strikke k afé |
| • Bingo | • Lytteven | • Utstyr s entral |
| • Besøksvenn | • Matombrining | • Aktivitets k afé |
| • Bygdemiddag | • Person/vare-transport | • Gratis leige av møteplass |
| • Følg j ehjelp ((tann)lege) | • Hjelp heime | • Spelek v eld |
| • Tysdags c afé | • Rickshawsy k kel | |



Setesdal Brannvesen IKS informerer...

Det er fare for skogsbrann i store deler av Setesdal. Setesdal Brannvesen IKS anbefaler difor på det sterkaste at det IKKJE brennes bål/bråte o.l.



Setesdal brannvesen IKS

- Brann og ulykker, tlf: 110
- Vakhavande brannsjef, tlf. 916 69 104
- Feiarspørsmål: feier@sb-iks.no
- Spørsmål til brannvesenet: post@sb-iks.no

Tømekalender for Bygland kommune – april 2020

Matavfall og restavfall: veke 14: fredag 03.04.

Papir og plast: veke 17: tysdag 21.04.

Matavfall og glas/metall: veke 17: torsdag 23.04.

SMG IKS har no opna att for levering av avfall frå private

"Våre gjenvinningsstasjoner åpner igjen for levering av avfall fra private. For å unngå smittespredning og for at flest mulig skal få levert sitt avfall gjør vi oppmerksom på følgende:

- Følg Folkehelseinstituttet sine retningslinjer for å unngå smittespredning: fhi.no

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Dispensasjon frå søknadsfristen for produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyising ved ferie og fritid - del 1



Etter forskrift om produksjonstilskot §9 kan det gjevast dispensasjon frå søknadsfristen "i særlege tilfeller". Dersom eit føretak ikkje har fått levert søknaden innan 15. mars på grunn av problem knytta til utbrotet av koronaviruset, kan det vere at det ligg føre eit særleg tilfelle som gjer at ein kan gje dispensasjon frå søknadsfristen. Eksempel på forhold som gjer at føretak kan få innvilga dispensasjon frå søknadsfristen er:

- Søkjar har sjølv vore sjuk med koronaviruset og har ikkje hatt moglegheit til å levere søknaden innan fristen
- Søkjar har vore i karantene og hatt problem med å levere søknaden på grunn av tekniske problem, manglande tilgong til PC/internett mv
- Søkjar har hatt problem med å få hjelp frå kommunen på grunn av koronaviruset

Andre forhold utanfor søkjar sin kontroll knytta til utbrotet av koronaviruset som har ført til at søkjar ikkje har fått levert søknaden innan fristen

Stadleg kontroll av opplysningar i søknadar om produksjonstilskot

For å hindre spreiding av koronaviruset, skal det som hovedregle ikkje bli gjennomført stadleg kontroll i tida framover. Dersom det ligg føre heilt spesielle grunnar til at stadleg kontroll må bli utført, er det viktig at råda frå Folkehelseinstituttet som smitteforebygging blir fulgt nøye (<http://fhi.no>). Direktoratet oppmodar om at alle kontroll i tida framover blir gjennomført som dokumentkontroll.

Les meir om **Produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyising ved ferie og fritid - del 1** på kommunen sin heimeside:

<https://www.bygland.kommune.no/produksjonstilskot-i-jordbruket-og-tilskot-til-avløysing-ved-ferie-og-fritid-del-1.6290472-295156.html>

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Akselrestriksjonar

Frå og med torsdag 19.03.20 kl. 08:00 blir det med heimel i Veglova §7 innført aksellastrestriksjonar på alle kommunale vegar på grunn av teleløyising



Tillatt akseltrykk i denne perioden er 6 tonn.

Veg til Vassendøya, Nesmoen industriområde, veg til Varmesentralen på Bygland og veg frå RV9 til Stasjonsområde til Senumsvegen på Byglandsfjord er unnateke ordninga.

Generell dispensasjon gjeld for:

- Rutegående persontransport.
- Mjølketankbil.
- Slaktebil og bil for nødslakt.
- Renovasjonsbil.
- Bergingsbil.
- Septiktankbil.

Opplysningar elles er å finne i veglista frå Statens vegvesen.

Det vil bli sett opp skilt.

Restriksjonane gjeld til dei vert oppheva v / melding på Bygland kommune si heimeside og facebookside.

Førespurnader om dispensasjonar rettes til Bygland Kommune, Drift og Forvaltning, tlf. 379 34 756, ev. tlf. 945 32 945

Informasjon om Varsling 24

Bygland kommune har tatt i bruk varslingsystemet Varsling 24 for å varsle innbyggjarar i eit geografisk område om hendelsar via SMS



Når blir systemet brukt?

Kommunen informerer no innbyggjarane våre digitalt ved hendingar der dette er nyttig. Det kan vere vannavstenging, stengte vegar, evakuering eller andre tilhøve som krev rask informasjon. Ein kan sjå føre seg at innbyggjarar vil

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Alt utstyr som har vore lånt ut, skal stå ei veke i KARANTENE. Det vil seie at det skal ikkje handterast men berre setjast på loftet i denne tida. Den som låner ut må nytte hansker når ein tek i utstyret. Hanskane skal hivast etterpå. Utstyret skal gåast over med antibac før det vert sett vekk.

Det vil vere ei «karanteneliste» på kontoret, der ein noterer når utstyret vart levert inn. Her fører ein på dato når utstyret kan tilbake i utstyrssentralen for utlån.

Utstyrssentralen: tlf.: 945 02 858

Bli med på dugnaden! Bli TelefonVenn!

Me ønsker å gje dei som sit isolert heime, av ulike årsakar, ein å snakke med og på den måten skape ein sosial arena i ein unormal situasjon. Frivilligsentralen ønskjer frivillige som kan tenkje seg å vere TelefonVenn.



Dette skal vere eit tilbod til personer som sit i karantene eller isolasjon pga. smittefare. Desse menneska har fått snudd livane sine på hovudet, og einsemda kan verte tøff for mange. Ikkje alle har familie i same bustad, og kan difor ikkje få besøk. Då er det viktig å ha nokon å snakke med om laust og fast.

En telefonvenn ringer til avtalt tid. Ein telefonsamtale kan vare frå 5 til 20 minutt. Dei frivillige som ønsker å bli telefonvenn bør setje av faste tider i ein periode. Det kan være lurt å tenkje at perioden varer så lenge Noreg er i ein unntakstilstand. Alle frivillige har taushetsplikt. - Sjå meir på [Telefonvenn.no!](https://bygland.frivilligsentral.no/)

Frivilligsentralen rekrutterer frivillige til utkøyring av hushaldningsartikler

Du kan nå melde inn behov for hjelp, eller tilby di hjelp på frivilligsentralen si heimesida: <https://bygland.frivilligsentral.no/>



Er det nokon du kjenner, som ikkje er på internett. Då kan du melde inn behov på vegne av dei. Berre legg inn namn og telefonnummer til den det gjeld.

Obs: Vedkommande som treng hjelp må samtykke til at me lagrer opplysningane om dei. Samtykke kan du som legg inn, få per telefon og så krysse av i rett boks.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Gudsteneste på TV og radio

NRK sender søndagsgudsteneste direkte på NRK 2, **NRK P1** og NRK P1+ kl.

11.03

<https://radio.nrk.no/serie/gudstjeneste-radio>

Digitale fellesskap

Gudsteneste; andakter; fellesskap i bønn; lystenning og samtale; musikk og salmesong: <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/digitale%20fellesskap/>

Bygland frivilligsentral

Utstyrssentralen har opna att

Utstyrssentralen har utarbeidd særlege rutinar for utlån og innlevering av utstyr i desse koronatider. Utstyrssentralen er bemanna med ein vakttelefon på kvardagar. Sentralen er og bemanna i veka før påske.

Opningstider:

Utstyrssentralen er bemanna med ein vakttelefon på kvardagar.

Dersom du ønskjer å låne, eller levere inn ringer du vakttelefonen. Du og vakta avtalar tid for utlevering/innlevering. Ein kan i hovudsak hente og levere utstyr på kveldstid.

Får du ikkje svar når du ringer, kan du sende ein sms. Den som har vakt vil kontakte deg så fort som råd. Telefonnummeret til vakttelefonen: **945 02 858**
I påskeveka er vakttelefonen bemanna følgande dagar: måndag 6.4, tysdag 7.4 og onsdag 8.4.

Rutinar ved utlån:

Den som skal låne skal ikkje inn på sentralen.

Utstyret som skal lånast ut kan setjast på trappa.

Den som låner ut, må vere til stades for å sjå at utsyret vert henta.

Lånekontrakt og utleveringsseddel må gokjennast munnleg i denne perioden.

Utlånar må skrive på dato for utlevering.

Den som låner ut skal til ein kvar tid nytte hanskar.

Rutinar ved innlevering:

Ved mottak av utstyr skal utstyret setjast på trappa. Dei som skal levere skal ikkje inn på sentralen. Den som mottek utstyr skal ikkje vere i fysisk kontakt med den som leverer.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

kunne få SMS frå kommunen no i den situasjonen som er på grunn av koronaviruset.

Korleis finn vi deg?

Ein nyttar tre ulike registre for å nå ut med informasjon til deg:

- Privatpersonar:

Kontaktinformasjon blir henta frå Kontakt- og reservasjonsregisteret til Digitaliseringsdirektoratet. Vi anbefalar deg å legge inn mobiltelefonnummeret og e-postadressa di der i dette felles nasjonale kontaktregisteret. Dei fleste henvendelsar frå det offentlege vil hente kontaktinformasjonen herfrå. Oppdatering av registreret skjer her: <https://www.norge.no/oppdater-kontaktinformasjon>

- Bedrifter:

Ved varsling av bedrifter blir bedrifta som høyrer til adressa varsla med bakgrunn i oppføring i Enhetsregisteret. Kontaktdata for bedrifter blir henta frå Digitaliseringsdirektoratet ((Altinn). Bedrifter med fleire adresser bør registrere desse som underenning hjå Brønnøysudregistrene: <http://ed> flere adresser bør registrere disse som underenhet hos Brønnøysundregistrene: <https://www.brreg.no/bedrift/virksomhet/>

- Tilleggsregister:

Tilleggsregister kan du nytte om du ønskjer å motta varsel for ei bedrift eller for ei adresse som du ikkje er registrert med bustadsadresse på. Sjå <https://varslemeg.no/>

Har du ikkje blitt varsla?

- Er du folkeregistrert på adresse di?

<https://www.skatteetaten.no/person/folkeregister>

- Har du oppdatert den elektroniske kontaktinformasjon din?

<https://www.norge.no/oppdater-kontaktinformasjon>

Kva kan du gjere?

Oppdater opplysningane dine og meld alltid flytting til Folkeregisteret.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



Bur du på ein annan stad enn der du er folkeregistrert, kan du registrere telefonnummeret ditt på di adresse i vårt Tilleggsregister. Hugs å endre om du flyttar. Tilleggsregisteret er konfidensielt og blir kun nytta av din kommune. Registrer telefonnummeret ditt i kommunen sitt tilleggsregister her: <https://www.varslemeg.no> Velg Tilleggsoppføring - Legg til ditt telefonnummer (velg Privat)

Sårbare verksemder

Tilleggsregister vårt knytter kontaktpersonar til verksemder med telefonnummer. Kontaktpersonen vil motta varsel på SMS om SMS blir sendt frå kommunen.

Sårbare verksemder er bedrifter som er avhengige av vatn for å drive verksemda si. Til dømes:

- Sjukehus og medisinske senter
- Alders- og sjukeheim
- Lege og tannlege
- Barnehagar og skoler
- Næringsmiddelprodusentar
- Restaurantar og kafeear

Registrer verksemda di i kommunen sitt Tilleggsregister:

<https://www.varslemeg.no/>

Ofte spurte spørsmål

- Korleis fungerer varslinga?

Meldinga blir sendt som SMS til mobiltelefonar, epost og ei automatisert talemelding til fasttelefon. Talemelding blir lest inn som "tekst til tale". På slutten av meldinga blir du beden om å taste: 1 - for å stadfeste at du har oppfatta meldinga, 9 - om du ønskjer å høyre meldinga ei gong til.

- Eg har hemmeleg nummer - blir eg varsla?

Varsling 24 varslar ikkje hemmelege nummer. Om du likevel ønskjer å få varsel frå din kommune, gjer du ei tilleggsoppføring på

<https://www.varslemeg.no> Kryss av for "hemmelig nummer"

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Tilskot til drift av lag og organisasjonar

Dersom du driv kontinuerleg kulturverksemd i form av ein organisasjon, eit lag eller liknande i Bygland kommune kan du søkje om midlar til drift. Kommunen deler ut driftstilskot ei gong i året. Søknadsfristen for i år er **1. mai 2020**.

Søknadane skal handsamast politisk. Sjå på retningslinene til tilskotet på bygland.kommune.no og *Tilskotsordningar*. Søknadsskjema kan du sende elektronisk. Du finn det på kommunen sin nettside under *Skjema A-Å: Kulturmidlar-søknad*.

Ved spørsmål kan du ta kontakt med Kulturleiar Anne Fauske, e-post: anne.fauske@bygland.kommune.no, tlf.: 945 10 770.

Den Norske Kyrkja - Bygland

Endringar i kyrkja si drift

Kyrkja følgjer dei forordningar som sentrale og lokale styresmakter gjer. For kyrkja sin del vil det seie at arrangement som ikkje vert rekna som naudsynte ikkje vert gjennomført. Det gjeld gudstenester, andakter, konfirmantundervisning, heimebesøk osv.

Det vi kan gjennomføre er gravferder, eigne dåpsgudstenester og vigslar. Men dei må òg gjennomførast med restriksjonar.

Konfirmasjonar

Konfirmasjonane som var planlagt i vår er utsette til hausten. Dette er dei nye datoane for konfirmasjonsgudstenestene: Laurdag 22. august: Bygland kyrkje, søndag 30. august: Årdal kyrkje og laurdag 5. september: Austad kyrkje

Treng du nokon å snakke med?

Ring prostidiakon Per Emanuelen på telefon 977 19173.

Også presten Kjell Steinbru er tilgjengeleg for samtale på 473 28 472.

På kyrkjelyden si Facebookside kjem det stadig nytt stoff. De finn ho her:

www.facebook.com/Byglandskyrkjene/

Kyrkjekontoret i Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472, kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711, prostidiakon: Per Emanuelen: 977 19 173

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



Anonyme Alkoholikere (AA)

Anonyme Alkoholikere er eit fellesskap der kvinner og menn deler erfaring, styrke og håp med kvarandre for å løyse felles problem og hjelpe andre med å bli friske frå alkoholisme. Du kan ringje 911 77 770 måndag til fredag (11.00–15.00 og 18.00–22.00) og laurdag til søndag (18.00–22.00).

Rådgivingstelefon for pårørande

Landsforeningen for pårørande innen psykisk helse og rus tilbyr rådgiving om rettane og behova til pårørande og informasjon om hjelpeapparatet. Du kan ringje 22 49 19 22 på måndag til fredag (10.00 – 15.00, tysdag 11.00 – 19.00). Dei har òg ein chat for unge, Ungchat.

Kontaktinformasjon

Gro Berit Straum, Av-og-til koordinator i Setesdal

Telefon: 948 23 138

E-post: gro.berit.straum@e-h.kommune.no

Randi Hagen Eriksrud, generalsekretær i Av-og-til

Telefon: 940 18 856

E-post: randi@avogtil.no

Kultur

Bokutlån i Bygland

Biblioteket i Bygland ønskjer å tilby innbyggjarane at dei kan låne bøker i den perioden biblioteket held stengt.

For å tinge, tar du kontakt med biblioteksjef Mari Rygg på tlf. 994 16 133 (mellom 9 og 15) eller e-post: mari.rygg@bygland.kommune.no.

Vi avtaler då tid og stad for utlevering av bøkene, eventuelt heimkøyring om du er i karantene eller har problem med å kome deg ut.

Her kan du sjå i biblioteket sin katalog: BYGLAND FOLKEBIBLIOTEK <https://bygland-fb.mikromarc.no/Mikromarc3/web/default.aspx?db=bygland-fb&unit=6471>

Vi tilbyr ikkje innlevering av bøker. Bøkene kan leverast etter at krisa er over. OBS! Biblioteket leverer ikkje ut bøker i påskeveka. Pass på å ting lesestoff før. Siste dag før påske er torsdag 2. april. Frå tysdag 14.april kan du få bøker att!

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



Økonomi og næring

Næringslivet i Bygland kommune blir berørt av koronakrisa. Setesdal Vekst inviterte difor til et webinar hvor temaet blir belyst.



Agenda:

Bakgrunn for nettmøte - ordførar Sigbjørn Å. Fossdal, Bygland kommune

Likviditet i krisetider - banksjef Knut Kjetil Møen, Evje og Hornnes Sparebank

Hvilken rolle har kommunen - rådmann Aasmund Lauvdal, Bygland kommune

Oppvekst

Oppvekstsentra i Bygland

Regjeringa har tatt avgjerla om at alle skular og barnehagar i heile landet skal halde stengt frå og med 12. mars til og med 13. april (kan bli forlenga). Bygland kommune gir i tråd med nasjonale føringar eit omsorgstilbod for barn i barnehage og for 1.-4. trinn med føresette som jobbar i samfunnskritiske funksjonar. Dei tilsette arbeider no med heimeundervisning til elevane.

Foreldre slepp å betale for barnehage og SFO så lenge tilbodet er stengt grunna koronautbrotet. Barnehagane får kompensert dette tapet fullt ut av staten. Slik unngår vi permitteringar i barnehagen.

Vakttelefon for barn og unge

Kommunen har ein vakttelefon som er open måndag til torsdag kl. 18.00 – 20.00 for barn og unge som er bekymra og som treng å prate med nokon.

Utbrotet av koronaviruset kan trigge mykje bekymring hos barn og unge.

Situasjonen vi er midt oppe i no er spesielt sårbar for dei som i utgangspunktet har det vanskeleg. Derfor vil kommunen ha ein vakttelefon eit par timar kvar kveld for barn og unge som er bekymra og som treng å prate med nokon, eller sende melding. Telefonen blir bemanna av helsesjukepleiar og rådgivar frå kl.18.00 – 20.00.

Måndag og tysdag: Berit Susanne Norstrand Tlf. 901 45 680


Onsdag og torsdag: Ann Cecilie Andersen Attestog Tlf. 482 14 913

Vi gjer merksam på at ein også kan nå helsesjukepleiar i vanleg kontortid på dagen. Margrethe Mosdøl: 47623122 og Berit Susanne Nordstrand: 90145680

Alarmtelefon for barn og unge er bemanna heile døgnet: 116 111




Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



Helse og omsorg

Legekontoret på Bygland og Byglandsfjord er opent

Legekontoret er bemanna med vikarlege Nektarios Apostolou og turnuslege Amelia Koidl. Åsulv Horverak er oppteken med smittevern i samband med koronavirus så han har ikkje pasientar no.



Det er viktig at pasientar som treng helsehjelp får naudsynt oppfølging av lege, men at dei ringer for timeavtale før dei møter opp.

Pasientar med influensaliknande symptom skal ikkje møte på legekontoret, men ta kontakt over telefon for vurdering.

Det er også ein lokal koronatelefon som ein kan kontakte på tlf. 911 24 143 for å få råd.

Bygland legekontor har til nå ikkje hatt nokon med smitte på kontoret. Ingen av dei tilsette har vore i karantene med mistanke om smitte.

Informasjon om tannhelsetenesta

Tannklinikane blir ikkje stengde, men reduserer tilbodet betydeleg. Tannhelsetenesta i Agder avlyser mange planlagde konsultasjonar og behandlingar.



Dei som har planlagde timar vil få SMS frå klinikken med avlysing eller bli oppringt med beskjed om avlysing. Behandlingar som det er problematisk å avslutte brått, og som det er ønskjeleg å gjennomføre, vil bli gjennomført. Hovedregelen for behandlingar som framleis skal gjennomførast, er at friske tannhelsepasientar skal møte til avtalt tid til timen sin. Dei som har luftvegsinfeksjonar eller andre symptom som hoste og liknande, må ikkje gå inn på klinikane våre, men ringe tannklinikken sin.

Dei som har akutte skadar skal ringe klinikken på førehand for rettleiing. Ved spørsmål, ring tannklinikken din.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

fagpersonell, og du kan ringje heile døgnet no i samband med koronasituasjonen.

Voksne for Barn

Voksne for Barn tilbyr ei rådgivingsteneste for deg som har spørsmål om barn og unge. Du kan sende inn spørsmål skriftleg og få svar frå ein fagperson.

Barnevernet.no

Barnevernstilsette er inkludert i gruppa samfunnskritisk personell under koronakrisa for å sikre dei mest utsette barna. På barnevernet.no er det informasjon om barnevernsvakter og barnevernstenester i alle kommunar og om korleis du melder bekymring til barnevernet.

- **Til deg som har det vanskeleg**

Dette er ei krevjande tid for både barn og vaksne. Dersom du synest det er vanskeleg å handtere situasjonen, eller dersom du treng hjelp for å vere ein god forelder, finst det fleire gode tilbod til deg.

Hjelpetelefonen til Mental Helse: 116 123

Hjelpetelefonen er ei gratis døgnoopen telefonteneste for alle som treng nokon å snakke med. Du kan vere anonym, og den du snakkar med, har teieplikt. Dei har òg ein chat på sidetmedord.no.

Kirkens SOS

Her kan barn, unge og vaksne ta kontakt dersom dei treng nokon å snakke, melde eller chatte med. Du kan ta kontakt på tlf. 22 400 040 heile døgnet. SOS-chat er open alle kvardagar 18.30–22.30. Du kan vere anonym.

Foreldresupport

Foreldresupport er ei døgnoopen telefon- og chatteteneste for omsorgspersonar som treng hjelp og rettleiing eller har behov for å luften tankane sine med nokon. Tenesta blir driven av Mental Helse, og telefonnummeret er 116 123 (tast 2).

Vold- og overgrepslinjen 116 006

Vold- og overgrepslinjen er ei døgnoopen hjelpelinje for deg som opplever vald i nære relasjonar eller er bekymra for nokon du kjenner. Tenesta er anonym.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Alarmtelefonen er eit nødnummer for deg som blir utsett for vald eller overgrep eller føler deg utrygg på andre måtar. Du kan òg ringje dersom du er bekymra for nokon du kjenner. Telefonnummeret er 116 111, du kan ringje heile døgnet no i samband med koronasituasjonen.

BaRsnakk

BaRsnakk er eit chattetilbod til deg som har foreldre, eller andre nær deg, som har eller har hatt eit rusproblem. Chatten er open måndag til onsdag 17.00–20.00, og du kan skrive anonymt om det som opptek deg. Tilbodet blir drive av frivillige i organisasjonen Barn av rusmisbrukere.

Kors på halsen

Kors på halsen er eit tilbod til deg under 18 år og er bemanna av frivillige vaksne frå Røde Kors. Du kan velje om du vil ringje, chatte eller sende e-post. Du kan ringje 800 333 21 måndag til fredag 14.00–22.00. Du kan òg snakke med andre på din eigen alder på forumet.

SnakkOmPsyken.no

Dette er Blå Kors si chatteteneste for deg mellom 9 og 19 år. Her kan du chatte om vanskelege tankar og kjensler. Opningstidene er måndag til torsdag 09.00–21.00, fredag 09.00–15.00 og søndag 15.00–21.00.

UngPrat.no

Ungprat.no er ei samtaleneste for barn og unge mellom 13 og 24 år som treng nokon å prate med. Opningstidene er søndag til fredag 09.00–21.00.

- **Til deg som er bekymra for eit barn**

Når samfunnet stengjer ned, mister barna våre kontakten med nettverket dei har gjennom barnehage, skule og fritidsaktivitetar. Dette er tida for å senke terskelen for å ta grep. Her er ei oversikt over kvar du kan ta kontakt for å få råd og rettleiing:

Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111

Alarmtelefonen er det nasjonale nødnummeret for barn og unge. Vaksne som er bekymra for eit barn, kan ringje alarmtelefonen. Telefonen er bemanna av

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Koronatelefon

Bygland kommune samarbeider med Evje og Hornnes kommune om "Koronatelefon" Telefonen er bemanna av helsesjukepleiarar, og her kan du som innbyggjar kome med helserelaterte spørsmål i forhold til korona

Telefonnummeret er **911 24 143**

Telefonen er bemanna alle vekedagar frå kl. 09:00 - 12:00 og kl. 13:00 - 15:30.

Meld frå om du er i karantene!

Alle som er i karantene i høve dei nasjonale retningslinene må melde frå til kommunen. Slik gjer du:

Ha klart følgjande informasjon:

- Kor har du vore og kva tid kom du tilbake til Noreg?
- Navn, alder og kjønn
- Telefonnummer
- Har du symptom?

Bakgrunnen for at vi ønskjer denne informasjonen, er for å kartlegge behovet for naudsynte helsetiltak framover i tid.

Kontaktinformasjon

Vi ønskjer fortrinnsvis beskjed på e-post, men er og tilgjengelege på telefon.

E-post: jorunn.tveiten@bygland.kommune.no

Telefon (i tida 09:00 - 22:00): 911 10 075

Vi gjer merksame på at dette telefonnummeret kun er for registrering av karantenetilfelle. Det er ikkje muleg å få svar på medisinskfaglege spørsmål!

Les meir om reiser og koronavirus på regeringa sine sider: [regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Les meir om karantene og isolering på Folkehelseinstituttet sine nettsider [fhi.no](https://www.fhi.no)

Besøksforbodet på omsorgsinstitusjonar

Vi set stor pris på alle som ønskjer å besøkje dei som bur på Byglandsheimen og andre omsorgsinstitusjonar, men vi ber om forståing for at situasjonen no er såpass uavklart at vi ønskjer å skjermje våre bebuarar best mogleg



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Regjeringen informerer: Tiltakene mot koronavirus videreføres

(Pressemelding - Dato 24.03.2020; på Bokmål; se: regjeringen.no)

Regjeringen viderefører alle tiltakene som er iverksatt for å bekjempe utbruddet av koronavirus i Norge frem til over påske, til og med 13. april.

Noen av de viktigste tiltakene som videreføres til og med 13. april 2020 (kan bli forlenget)

- De strenge hygienetiltakene fortsetter. Folk må holde fysisk avstand til hverandre, ha god håndhygiene og hoste i papir eller albuekroken.
- Ute i det offentlige rom, bør folk ha minst en meters avstand til andre mennesker. Når man er ute, bør man ikke være mer enn fem personer sammen i gruppe – med unntak av de som er i familie eller i samme husstand. Innendørs bør folk ha minst to meters avstand til hverandre, men det gjelder ikke de som er i familie eller i samme husstand.
- Alle landets barnehager, barneskoler, ungdomsskoler, videregående skoler, høyskoler og universiteter og andre utdanningsinstitusjoner holder stengt.
- Barnehagebarn og barn på småskoletrinnet med foreldre som har samfunnskritiske funksjoner, fortsetter å få et tilbud i sin barnehage/skole.
- Reglene om karantene og isolasjon etter kontakt med smittede (smittekarantene) videreføres. Dersom du har vært i nær kontakt med noen som har fått påvist koronavirus, skal du være i karantene i 14 dager. Dersom du har vært på utenlandsreise skal du være i karantene i 14 dager fra den dagen du kom hjem. Dersom du har fått påvist eller testes for koronavirus, må du isoleres. Det betyr at du må holde deg hjemme hele tiden og ikke gå ut. Dersom testen er negativ, skal du fullføre karanteneperioden.
- Reglene for karantene ved innreise til Norge fra utlandet (reisekarantene) videreføres med de unntak og presiseringer som gjelder i dag.
- Reglene om bortvisning av utenlandske statsborgere som ikke bor eller jobber i Norge ved grensen videreføres, med de unntak og presiseringer som gjelder i dag.
- Grensekontrollen på indre Schengen-grenser forlenges.
- Helsepersonell som jobber med pasientbehandling forbyr å reise til utlandet. Forbudet gjelder både tjenestereiser og privatreiser, foreløpig ut april 2020.
- Kulturarrangementer, idrettsarrangementer og organisert idrettsaktivitet både innendørs og utendørs er forbudt.

- Alle virksomheter i serveringsbransjen, med unntak av serveringssteder der det foregår servering av mat, det vil si kantiner og spisesteder som kan legge til rette for at besøkende kan holde minst 1 meters avstand, holdes stengt.
- Servering av mat skal ikke skje som buffet. Serveringsbransjen omfatter restaurant, bar, pub og uteliv.
- Treningssentre, svømmehaller, badeland og liknende holder stengt.
- Virksomheter som tilbyr frisørtjenester, hudpleie, massasje og kroppspleie, tatovering, hulltaking(piercing) og liknende holder stengt.
- Forbudet mot opphold på hytter/fritidseiendommer opprettholdes (gjelder og bubilar og campingvogner).
- Alle landets trafikkstasjoner holder stengt.
- Kollektivtransporttilbudet opprettholdes.

Hjelpetelefoner - Her kan du få hjelp

Her er ei oversikt over telefon- og chattetenester som held oppe for deg som treng nokon å snakke med om rus og/eller psykisk helse



– No er vi i ein krisesituasjon der dei vanlege tilboda er stengde og dagleglivet har endra seg drastisk. Vi blir tvinga til å vere mykje meir heime kvar for oss, og det betyr at dei som har det tøft frå før, vil få det endå vanskelegare no. Då er det viktig å vite at det er hjelp å få, seier Gro Berit Straum, Av-og-til koordinatør i Setesdal.

– Vi må mobilisere for dei barna som ikkje har det trygt heime, og eg håper og trur at alle kommunar har dette høgt på agendaen no, seier Randi Hagen Eriksrud, generalsekretær i Av-og-til.

• Til deg som er ung

Dersom du slit med vonde tankar eller har det vanskeleg heime, er det viktig å snakke med nokon du stoler på. Sjølv om skulen er stengd, er læraren din framleis på jobb og tilgjengeleg for deg.

Det finst òg andre alternativ for deg som treng nokon å snakke eller chatte med. Vi har samla nokre av dei her:

Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111